



## Rauland statsallmenning informasjon reinsjakt 2017 Utanbygds jegerar

Jakttid f.o.m.20. august t.o.m.30. september.

Prisar: Simle/ungdyr kr. 3 000,

(dersom det vert lagt til kalv på S/U korta frå direktoratet vert prisen 4000,-, du får då fellingsløyve på eit S/U og ein kalv)

Fellingsløyva vert delt ut etter trekningslista. Du får epost med betalingslink frå Inatur.no. dei som ikkje betaler til fristen misser retten til kort. Kortet får du i posten ila juli månad.

**Kontrollkorta skal vera Rauland Fjellstyre v/sekretær i hende seinast 5 dagar etter jaktslutt.**

**Korta sendast til: Rauland Fjellstyre, Vinjevegen 665, 3890 Vinje.**

Retur av kort gjer du i ferdig adressera konvolutt som ligg vedlagt. Kortet/korta du har fått er strengt personleg og kan ikkje jaktast på eller overdragast til andre. I utgangspunktet gjeld kortet berre på Rauland SA. Dersom du får løyve frå andre grunneigarar til å jakte der er dette mogeleg, men det vert opp til kvar enkelt. Dersom dette skal gjerast er det viktig at du får ny grunneigar til å skrive på kortet, eller det vert laga eiga skriftleg avtale om dette.

***Dersom du lurar på noko kan du kontakte fjellstyret på ein eigen telefon som er oppretta i jakta: 46 84 78 24***

***Utanom jakta er det telefonnr til fjelloppsyn/sekretær: 902 13 655 som gjeld.***

### ***Fiske:***

Ynskjer du å fiske medan du er på jakt er det lagt ut fiskekort på [www.inatur.no](http://www.inatur.no)

### ***Hytteleige:***

Alle må betale hytteleige også i reinsjakta. Pris kr 50,- pr. natt og kr 10,- for rasting innanbygds, kr. 150,- pr. natt og kr 20,- for rasting utanbygds. Raulendingar har førerrett til senger. UTM på våre hytter finn du på heimesida. Kart kan skrivast ut på [www.inatur.no](http://www.inatur.no)

### **Orientering om sakshandsaming ved tildeling/avslag på søknad om reinsdyrkort:**

Alle søknadar om rett til fellingsløyve på rein vert handsama etter Fjelleva § 23 og 24. Dei som har rett til å vera med på trekking av villreinjakt må alle ha vore busett det siste året og framleis bu og ha den faste bustaden i gamle Rauland kommune. Det er ikkje nok å stå i folkeregistret eller skatte til Vinje kommune. Pendlarar og studentar er å rekne som fast busette. Dersom det er tvil om desse vilkåra er oppfylde vert søkjar bedt om å dokumentere dette for Fjellstyret. Alle søknader må gå via våre sider på Inatur.no. Andre søknader vil bli forkasta.

Einskilde år vert det lagt ut eit avgrensa antal kort til utanbyggs. Her kan det gjelde egne ordningar som vil variere frå år til år.

Dei som eventuelt får avslag på søknaden etter § 23 og 24 får særskilt melding om vedtak pr post.

Generelt om klageadgang:

Klageadgang og klagefrist (jfr. Forvaltningslova § 28, 29, 30 og 31.):

Søkjar kan påklage vedtaket. Frist for å klage er 3 veker frå motteke vedtak.

Dersom søkjar ynskjer å påklage vedtaket skal klaga sendast til Fjellstyret (jfr § 32)

Dersom Fjellstyret fortsat vel å oppretthalde vedtaket oversendast saka til

Direktoratet for naturforvaltning for avgjerd.

Søkjar har rett til innsyn i saksdokumenta.

## Skitt jakt!!

